


## Rekneskapsrapport per februar 2015


### 1 Hovudtal

MN-fakultetet har eit kostnadsbudsjett på totalt 996 millionar kroner i 2015. 61,9 % av denne aktiviteten skal finansierast frå grunnbevilgninga, medan 38,1 % er bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (24,6 % forskingsrådet, 9,6 % annan bidragsaktivitet, 3,4 % EU og 0,5 % oppdragsaktivitet).

Figur 1 Årsbudsjett per finansieringskjelde



Figur 2 Aktivitet (kostnader) per februar



Figur 2 viser korleis aktiviteten (kostnadane) fordeler seg mellom dei ulike finansieringskjeldene per februar 2015. 68,7 % av aktiviteten er finansiert av grunnbevilgninga, 18,1 % er finansiert av forskingsrådet, 9,4 % frå andre bidragsytarar, 4,1 % frå EU og -0,3 % frå oppdragsytarar.

### 2 Grunnbevilgning (GB)

Grunnbevilgninga er den aktiviteten som er finansiert av departementet sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget. Grunnbevilgninga er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande) ført her.

Grunnbevilgninga vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane til fakultetet rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

**Tabell 1 Grunnbevilgning, motpart 00**

Grunnbevilgning	Prognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
Inntekter frå KD		-587 034 000	-116 200 200	-116 200 000	-200	0,0 %	-113 674 746	2,2 %
Andre inntekter		-14 000 000	-509 800	-1 646 468	1 136 668	223,0 %	-1 375 402	19,7 %
<b>Inntekter</b>		<b>-601 034 000</b>	<b>-116 710 000</b>	<b>-117 846 468</b>	<b>1 136 468</b>	<b>1,0 %</b>	<b>-115 050 148</b>	<b>2,4 %</b>
Investeringar		21 177 200	1 924 200	1 455 600	468 600	24,4 %	2 888 657	-49,6 %
Lønskostnader		462 773 400	79 644 400	79 449 102	195 298	0,2 %	75 198 399	5,7 %
Andre driftskostnader		81 145 800	8 673 600	7 119 765	1 553 835	17,9 %	6 915 561	3,0 %
Internhandel med meir		51 758 600	15 892 300	14 582 960	1 309 340	8,2 %	14 063 672	3,7 %
<b>Kostnader</b>		<b>616 855 000</b>	<b>106 134 500</b>	<b>102 607 428</b>	<b>3 527 072</b>	<b>3,3 %</b>	<b>99 066 288</b>	<b>3,6 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>15 821 000</b>	<b>-10 575 500</b>	<b>-15 239 040</b>	<b>4 663 540</b>		<b>-15 983 860</b>	
Saldo overført frå forrige år		-15 821 000	-15 821 000	-15 821 475	475		-28 174 094	
Saldo overført til neste periode	0	0	26 396 500	31 060 515	-4 664 015		44 157 954	
<b>Sum total</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Detaljar rundt grunnbevilgninga, motpart 00**Inntektsavvik: kr 1 136 468 (1,0 %)**

Inntektsføring av rekrutteringsstillingar er lagt om. Frå 2015 vert inntektene for rekrutteringsstillingar fordelt etter same periodiseringsnøkkel som annan inntekt frå KD. Kvart halvår vil det bli gjort ei avrekning i forhold til faktisk tilsette årsverk. Eventuell lediggang i rekrutteringsstillingar vil dermed ikkje verte synleg som avvik i inntekter frå KD før etter fyrste halvår 2015. Per februar har fakultetet lediggang i stipendiatstillingar på ca. 5 årsverk.

På andre instituttinntekter er det eit positivt avvik på ca. 1,1 millionar kroner, pga. at fleire av institutta har hatt høgare inntekter enn budsjettert per februar.

**Kostnadsavvik: kr 3 527 072 (3,3 %)**

Samla kostnadsavvik ved fakultetet per februar er på ca. 3,5 millionar kroner.

Investeringane har per februar vore ca. 0,5 millionar kroner lågare enn budsjettert. Det skuldast hovudsakeleg periodeavvik ved Institutt for geovitenskap, der heile investeringskostnaden på utstysprosjektet er budsjettert i januar. Avviket i investeringar vert noko mindre pga. at Kjemisk institutt har hatt høgare investeringar enn budsjettert.

Samla sett er avviket i lønnskostnader på berre 0,2 %, men lønnskostnaden på stipendiat- og postdoktorprosjektet har vore lågare enn budsjettert og kostnaden på annuum og likestillingsprosjektet har vore høgare enn budsjettert. På annuum har lønnskostnad for fast tilsette vore lågare enn budsjettert per februar, medan variable lønnskostnader (lønn vikarar og ekstrahjelp, bedømming og stipend) har vore høgare enn budsjettert.

Andre driftskostnader har vore tydeleg lågare enn budsjettert ved Institutt for fysikk og teknologi. Det har vore lågare aktivitet i starten på året, men mesteparten av avviket skuldast feil periodisering i budsjettet.

På internartane er det positivt avvik på ca. 3,7 millionar kroner på stipendiatprosjektet, og negativt avvik på ca. 2,2 millionar kroner på postdoktorprosjektet. Begge desse avvika skuldast hovudsakeleg feil i budsjettet ved Institutt for geovitenskap. På annuum er det kostnadsført ca. 0,5 millionar meir enn budsjettert. Avviket på annuum fordeler seg mellom institutta, men mest merkbart er det negative avviket ved Institutt for biologi. Her vert frikjøp for januar og februar ikkje godskrive før i mars.

I høve til same periode i fjor er dei totale kostnadane auka med 3,6 %, medan lønnskostnadane har auka med 5,7 %.

Fakultetet overførte 15,8 millionar kroner frå 2014, men har forplikingar i 2015 som overstig overføringane. Fakultetet sin prognose for overføring til 2016 er satt til 0.

Inntektene til Senter for klimadynamikk vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden, slik at eventuelt over- eller underforbruk ikkje vert synleg i fakultetet sitt rekneskap.

## 2.1 Avskrivningar og investeringar (motpart 81)

Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar. Over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken.

**Tabell 2 Avskrivningar og investeringar, motpart 81**

Grunnbevilgning, motpart 81	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
Inntekt satt av for årets investeringar	21 402 900	1 924 200	1 455 600	-468 600	24,4 %	2 890 922	-49,6 %
Inntekt for årets avskrivningar	-29 147 900	-4 789 200	-6 690 131	1 900 931	39,7 %	-5 911 984	13,2 %
<b>Inntekter motpart 81</b>	<b>-7 745 000</b>	<b>-2 865 000</b>	<b>-5 234 531</b>	<b>2 369 531</b>	<b>82,7 %</b>	<b>-3 021 062</b>	<b>73,3 %</b>
Investeringar, verekostnader	-21 177 200	-1 924 200	-1 455 600	-468 600	-24,4 %	-2 890 922	-49,6 %
Avskrivningar	29 147 900	4 789 200	6 690 131	-1 900 931	-39,7 %	5 911 984	13,2 %
Investeringar ved BOA, overført til GB	-225 700	0	0	0		0	
<b>Kostnader motpart 81</b>	<b>7 745 000</b>	<b>2 865 000</b>	<b>5 234 532</b>	<b>-2 369 532</b>	<b>-82,7 %</b>	<b>3 021 062</b>	<b>73,3 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Føringar på motpart 81 viser fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivningane.

I tabell 2 ser ein at investeringane per februar 2015 har vore på ca. 1,5 millionar kroner, og at investeringane i si heilheit er gjort på grunnbevilgninga.

Avskrivningane har vore ca. 6,7 millionar kroner per februar.

### 3 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)


I tillegg til inntekter frå grunnbevilgninga utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd, EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar.

**Figur 3 BOA per februar etter finansieringskjelde for perioden 2009-2015**



Figur 3 viser utviklinga i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per februar for perioden 2009-2015. Per februar 2015 har aktiviteten samla sett auka noko samanlikna med same periode i dei to føregåande åra, men aktiviteten er framleis lågare enn aktiviteten i same periode i 2011-2012. Aktivitet finansiert av EU og andre bidragsytarar har vore tydeleg høgare enn på same tid i fjor, medan aktivitet finansiert av NFR og oppdragsgivarar er noko redusert.

**Figur 4 BOA per institutt etter finansieringskjelde per februar 2015**



Figur 4 viser bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per februar 2015 fordelt per institutt. Figuren viser at det per februar har vore størst samla aktivitet ved Institutt for fysikk og teknologi. NFR-bidragsaktivitet har vore klart størst ved Institutt for fysikk og teknologi, annan bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for geovitenskap, EU-bidragsaktivitet har vore størst ved Geofysisk institutt, og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi.

### 3.1 Noregs forskingsråd

Denne aktiviteten omfattar prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd, og der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

**Tabell 3 Aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd**

BOA	Inntektsprognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
<b>Noregs forskingsråd</b>								
Tilskudd fra NFR		-230 000 000	-17 027 800	-57 131 184	40 103 384	235,5 %	-24 112 774	136,9 %
Saldo NFR overført fra forrige år		-10 308 000	-10 308 000	-10 307 555	-445	0,0 %	-28 566 700	-63,9 %
Saldo NFR overført til neste periode		-4 692 000	-10 275 000	40 391 721	-50 666 721	-493,1 %	23 649 186	70,8 %
<b>Inntekter</b>	<b>-225 000 000</b>	<b>-245 000 000</b>	<b>-37 610 800</b>	<b>-27 047 018</b>	<b>-10 563 782</b>	<b>-28,1 %</b>	<b>-29 030 289</b>	<b>-6,8 %</b>
Investeringar		0	0	0	0		2 265	-100,0 %
Lønskostnader		85 103 600	14 685 000	15 563 340	-878 340	-6,0 %	14 396 478	8,1 %
Andre driftskostnader		85 807 400	16 642 700	5 172 598	11 470 102	68,9 %	5 786 290	-10,6 %
Internhandel med meir		74 089 000	6 283 100	6 311 080	-27 980	-0,4 %	8 845 256	-28,7 %
<b>Kostnader</b>		<b>245 000 000</b>	<b>37 610 800</b>	<b>27 047 018</b>	<b>10 563 782</b>	<b>28,1 %</b>	<b>29 030 289</b>	<b>-6,8 %</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

#### Detaljar rundt aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd

NFR-bidragsaktivitet har per februar vore på ca. 27,0 millionar kroner, som er ca. 10,6 millionar kroner lågare enn budsjettert, og 6,8 % lågare enn på same tid i fjor. Avviket frå budsjettert aktivitet skuldast hovudsakeleg lågare aktivitet enn budsjettert ved Kjemisk institutt (78,5 %), men også Institutt for biologi og Senter for geobiologi har aktiviteten vore lågare enn budsjettert per februar. Avviket ved Kjemisk institutt skuldast at ei innbetaling frå NFR knytt til innkjøp av NMR-maskin vart budsjettert å skulle generere tilsvarende kostnad. Kostnaden for NMR-maskinen vil fyrst bli synleg ved levering, som er venta i 2016. Reduksjon frå 2014 skuldast hovudsakeleg lågare aktivitet ved Institutt for biologi og Senter for geobiologi. Reduksjonen ved Institutt for biologi skuldast i stor grad endring av finansieringskjelde frå EU til NFR for to prosjekt tidleg i 2014.

Fakultetets prognose for NFR-bidragsaktivitet i 2015 er på 225 millionar kroner. Dette er lågare enn budsjett på 245 millionar kroner, pga. at Kjemisk institutt ikkje ventar levering av NMR-maskin før i 2016. Institutt for geovitenskap ventar framleis at mesteparten av aktiviteten knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur vil kome i 2015.

Innbetalingane frå forskingsrådet har per februar vore ca. 57,1 millionar kroner. Dette er både tydeleg høgare enn budsjettert per februar og tydeleg høgare enn på same tid i fjor. Det er hovudsakeleg ved Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for geovitenskap at innbetalingane har vore høgare enn budsjettert per februar. Saman med Kjemisk institutt, er det også hovudsakeleg desse institutta som har hatt auke i innbetalingane frå NFR samanlikna med same periode i fjor. Institutt for fysikk og teknologi fekk store innbetalningar knytt til SFI og SFF i februar, medan Institutt for geovitenskap og Kjemisk institutt begge fekk store innbetalningar knytt til nasjonal infrastruktur i januar. Prognose for innbetalningar frå NFR for 2015 er på 230 millionar kroner, som budsjettert.

Fakultetet overførte ca. 10,3 millionar kroner i NFR-midlar frå 2014. Med prognose for innbetalningar som er 5 millionar kroner høgare enn aktivitetsprognosen, ventar vi at overføringa vil auke noko i 2015.

## 3.2 EU

Omfattar prosjekt som er finansiert av EU.

**Tabell 4 Aktivitet som er finansiert av EU**

BOA EU	Inntektsprognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
Tilskudd fra EU		-32 000 000	-985 900	-1 021 841	35 941	3,6 %	-58 982	1632,5 %
Saldo EU overført fra forrige år		-31 055 000	-31 055 000	-31 054 722	-278	0,0 %	-37 276 077	-16,7 %
Saldo EU overført til neste periode		29 555 000	24 803 000	25 992 446	-1 189 446	4,8 %	33 513 922	-22,4 %
<b>Inntekter</b>	<b>-33 500 000</b>	<b>-33 500 000</b>	<b>-7 237 900</b>	<b>-6 084 117</b>	<b>-1 153 783</b>	<b>-15,9 %</b>	<b>-3 821 137</b>	<b>59,2 %</b>
Investeringar		0	0	0	0		0	
Lønskostnader		18 761 200	3 452 000	3 415 284	36 716	1,1 %	2 777 363	23,0 %
Andre driftskostnader		11 829 700	3 033 200	1 292 705	1 740 495	57,4 %	350 226	269,1 %
Internhandel med meir		2 909 100	752 700	1 376 127	-623 427	-82,8 %	693 547	98,4 %
<b>Kostnader</b>		<b>33 500 000</b>	<b>7 237 900</b>	<b>6 084 117</b>	<b>1 153 783</b>	<b>15,9 %</b>	<b>3 821 137</b>	<b>59,2 %</b>
<b>Driftsresultat</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

### Detaljar rundt aktivitet finansiert av EU

EU-aktiviteten per februar har vore ca. 6,1 millionar kroner. Dette er ca. 1,2 millionar kroner lågare enn budsjettert, men 59,2 % høgare enn på same tid i fjor. Grunnen til avviket er lågare aktivitet enn budsjettert per februar ved Institutt for biologi, og skuldast periodisering. Noko av avviket vil bli jamna ut ved avslutning av eit prosjekt i fyrste halvår 2015, og delar av det skuldast at frikjøp for januar og februar ikkje vert ført før i mars. Auken samanlikna med same periode i fjor skuldast høgare aktivitet ved fleire institutt – Institutt for biologi, Institutt for fysikk og teknologi, Geofysisk institutt og Institutt for geovitenskap. Auken er mellom anna knytt til ERC-prosjekt ved Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for geovitenskap, samt endra finansieringskjelde for to prosjekt ved Institutt for biologi.

Fakultetet sin prognose for EU-bidragsaktivitet er på 33,5 millionar kroner i 2015, som budsjettert.

Innbetalingane frå EU er per februar på ca. 1,0 million kroner. Det er omtrent som budsjettert, og tydeleg høgare enn på same tid i fjor. Auken finn vi ved Institutt for biologi, der det kom innbetalingar på to EU-prosjekt i januar. Fakultetets prognose for innbetalingar frå EU er på 25 millionar kroner, som er lågare enn budsjettert. Institutta melder om lågare forventa innbetalingar enn budsjettert, men det er vanskeleg å slå fast når innbetalingane frå EU vil kome.

Fakultetet overførte ca. 31,1 millionar kroner i EU-midlar frå 2014. Med innbetalingsprognose som er tydeleg lågare enn aktivitetsprognosen, ventar vi at overføringa vert redusert i 2015.

## 3.3 Annan bidragsaktivitet

Alle eksterne bidragsprosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd eller EU.

**Tabell 5 Annan bidragsaktivitet**

BOA Andre bidrag	Inntektsprognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
Diverse bidragsinntekter		-83 000 000	-3 259 000	-3 547 188	288 188	8,8 %	-5 910 690	-40,0 %
Saldo overført fra forrige år		-44 192 000	-44 192 000	-44 191 593	-407	0,0 %	-50 121 540	-11,8 %
Saldo overført til neste periode		31 192 000	31 910 300	33 625 822	-1 715 522	-5,4 %	45 153 697	-25,5 %
<b>Inntekter</b>	<b>-90 000 000</b>	<b>-96 000 000</b>	<b>-15 540 700</b>	<b>-14 112 959</b>	<b>-1 427 741</b>	<b>-9,2 %</b>	<b>-10 878 533</b>	<b>29,7 %</b>
Investeringar		0	0	0	0		0	
Lønskostnader		30 025 800	6 075 900	6 105 103	-29 203	-0,5 %	5 487 019	11,3 %
Andre driftskostnader		50 006 400	6 610 000	5 264 441	1 345 559	20,4 %	3 494 912	50,6 %
Internhandel med meir		15 967 800	2 854 800	2 743 416	111 384	3,9 %	1 896 602	44,6 %
<b>Kostnader</b>		<b>96 000 000</b>	<b>15 540 700</b>	<b>14 112 959</b>	<b>1 427 741</b>	<b>9,2 %</b>	<b>10 878 533</b>	<b>29,7 %</b>
<b>Driftsresultat</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

### Detaljar rundt annan bidragsaktivitet

Annan bidragsaktivitet har per februar vore på ca. 14,1 millionar kroner. Dette er ca. 1,4 millionar kroner lågare enn budsjettert, men 29,7 % høgare enn på same tid i fjor. Avviket skuldast i stor grad at statleg finansiert bidragsaktivitet ved Institutt for biologi har vore lågare enn budsjettert per februar. Delvis skuldast dette at frikjøp for januar og februar vert ført fyrst i mars. Auken frå 2014 finn vi hovudsakeleg ved Institutt for fysikk og teknologi. Den er i stor grad knytt til ASIM-prosjektet, men det er også auke i aktivitet finansiert av stiftelsar.

Fakultetets prognose for annan bidragsaktivitet er på 90 millionar kroner, som er lågare enn budsjettert. Fleire av institutta melder om lågare forventa aktivitet.

Per februar har fakultetet fått innbetalingar frå andre bidragsytarar på ca. 3,5 millionar kroner. Dette er noko høgare enn budsjettert, men 40,0 % lågare enn på same tid i fjor. Prognose for innbetalingar frå andre bidragsytarar i 2015 er på 80 millionar kroner, som er lågare enn budsjettert.

Fakultetet overførte ca. 44,2 millionar kroner til annan bidragsaktivitet i 2015. Med ei innbetalingsprognose som er 10 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognosen, ventar vi at overføringa vert redusert i 2015.

## 3.4 Oppdragsaktivitet

**Tabell 6 Oppdragsaktivitet**

BOA Oppdragsprosjekt	Inntektsprognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr februar 2015	Rekneskap pr februar 2015	Avvik pr februar 2015	Avvik %	Rekneskap pr februar 2014	Endring frå februar 2014
Diverse oppdragsinntekter		-3 000 000	-200 000	-350 000	150 000	75,0 %	1	
Saldo overført fra forrige år		-3 737 000	-3 737 000	-3 736 890	-110	0,0 %	-4 363 550	-14,4 %
Saldo overført til neste periode		2 237 000	3 377 200	4 492 730	-1 115 530	33,0 %	3 783 248	18,8 %
<b>Inntekter</b>	<b>-4 500 000</b>	<b>-4 500 000</b>	<b>-559 800</b>	<b>405 840</b>	<b>-965 640</b>	<b>-172,5 %</b>	<b>-580 301</b>	<b>-169,9 %</b>
Investeringar		0	0	0	0		0	
Lønskostnader		609 000	106 000	-361 133	467 133	-440,7 %	133 994	-369,5 %
Andre driftskostnader		3 650 000	411 800	86 960	324 840	-78,9 %	387 722	-77,6 %
Internhandel med meir		241 000	42 000	-131 667	173 667	-413,5 %	58 585	-324,7 %
<b>Kostnader</b>		<b>4 500 000</b>	<b>559 800</b>	<b>-405 840</b>	<b>965 640</b>	<b>172,5 %</b>	<b>580 301</b>	<b>-169,9 %</b>
<b>Driftsresultat</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

### Detaljar rundt oppdragsaktiviteten

Oppdragsaktiviteten ved fakultetet er låg, og per februar har det vore oppdragsaktivitet på ca. -0,4 millionar kroner. Dette er ca. 1,0 millionar kroner lågare enn budsjettert, og ca. 0,6 millionar kroner lågare enn på same tid i fjor. Grunnen til den låge aktiviteten finn vi på prosjektet «Gas Hydrate Statoil» ved Institutt for fysikk og teknologi, der det er korrigert for lønnskostnader og overhead frå 2014 . Aktiviteten ved Institutt for biologi har også vore lågare enn budsjettert, og noko lågare enn i same periode i fjor.

Fakultetet sin prognose for oppdragsaktivitet i 2015 er på 4,5 millionar kroner, som budsjettert

Innbetalingar frå oppdragsgivarar er per februar på 350 000 kroner. Dette er 150 000 kroner høgare enn budsjett, og høgare enn på same tid i fjor. Prognose for innbetalingar for 2015 er på 3 millionar kroner, som budsjettert.

Fakultetet overførte ca. 3,7 millionar kroner til oppdragsaktivitet i 2015. Med ei innbetalingsprognose som er 1,5 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognose, ventast det at overføringa vert redusert i 2015.

## 4 Kommentar frå fakultetsdirektøren

Fakultetet overførte 15,8 millionar kroner frå 2014 på grunnbevilgninga. Samtidig overførte vi forplikningar knytt til eigenandelar inn mot store BOA-prosjekt, utstyrsinvesteringar og andre øyremerka tiltak i 2015 på 32,9 millionar kroner.

Etter fleire år med rammekutt har både fakultetsnivået og fleire av institutta stramme budsjett. Fakultetsleiinga vil ha fokus på å tilpasse aktivitetsnivået til inntektene, men erkjenner at ei slik omstilling tek tid. Dette er bakgrunnen for at det i løpet av 2014 vart bygd opp eit underskot på fakultetsnivået, for å spreie effekten av resultatnedgangen i 2014 over fleire år.

I tillegg til ubalansen i overføringar mellom fakultetsnivået og institutta, er det ubalanse i overføringane mellom institutta. Det å jamne ut ubalansen vil vere ein prioritet framover.

Fakultetet ventar ingen overføring til 2016 på grunnbevilgninga.

God budsjettkontroll på alle nivå gjennom hele året er avgjerande. Vi vil derfor halde fram arbeidet med å betre prognosane ved fakultetet i 2015, slik at budsjettet blir eit godt styringsreiskap.

Etter ei lengre periode med fokus på utfordringa knytt til at lediggang i rekrutteringsstillingar fører til reduksjon i inntektene frå KD, hadde fakultetet i 2013 og 2014 ingen inntektsreduksjon knytt til lediggang i desse stillingskategoriane. I 2015 ligg det igjen an til at lediggang kan gi inntektsreduksjon, og det er viktig å ha stort fokus på denne problemstillinga.

Det er enno tidleg på året og vanskeleg å dra tydelege konklusjonar ut frå rekneskapen. Fakultetet ventar likevel at EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet vert som budsjettert, medan NFR-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet vert lågare enn budsjettert. Budsjettet for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet i 2015 er på 379 millionar kroner, medan prognosen per februar er på 353 millionar kroner.

Innbetalingane frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ventast å verte noko lågare enn budsjettert. Budsjetterte innbetalningar er på 348 millionar kroner, medan prognosen er på 338 millionar kroner. Prognose for innbetalningar er altså 15 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognosen, og overføringane på BOA ventast dermed å verte redusert frå 89,3 millionar kroner til 74,3 millionar kroner i 2015.

Bergen, 18.3.2015

Elisabeth Müller Lysebo  
fakultetsdirektør

Vedlegg: Budsjett og rekneskap pr. februar 2015 pr. institutt

**Grunnbevilgning, budsjett og rekneskap per februar 2015**



Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2015	Budsjett per februar	Rekneskap per februar	Avvik per februar
MN-felles	3 inntekter	-81 325 900	-22 132 100	-22 166 400	34 300
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	4 323 000	-207 800	114 098	-321 898
	6-7 adk.	63 897 700	399 400	1 268 834	-869 434
	8-9 annet	28 926 200	6 295 900	5 199 489	1 096 411
	890 overf.	-15 821 000	10 575 500	15 239 040	-4 663 540
<b>Totalt MN-felles</b>		<b>0</b>	<b>-5 069 100</b>	<b>-344 940</b>	<b>-4 724 160</b>
Fakultetsadministrasjonen	3 inntekter	-23 787 500	-4 101 100	-4 020 190	-80 910
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	18 963 000	3 289 200	3 410 723	-121 523
	6-7 adk.	2 739 500	204 700	218 921	-14 221
	8-9 annet	2 085 000	272 600	278 600	-6 000
<b>Totalt Fakultetsadministrasjonen</b>		<b>0</b>	<b>-334 600</b>	<b>-111 946</b>	<b>-222 654</b>
Matematisk institutt	3 inntekter	-50 192 900	-8 336 200	-8 453 073	116 873
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	39 628 200	6 378 100	6 332 687	45 413
	6-7 adk.	5 592 100	1 581 500	1 070 681	510 819
	8-9 annet	4 972 600	775 500	601 029	174 471
<b>Totalt Matematisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>398 900</b>	<b>-448 676</b>	<b>847 576</b>
Institutt for informatikk	3 inntekter	-58 020 300	-14 389 000	-15 437 358	1 048 358
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	49 072 200	7 848 600	7 878 700	-30 100
	6-7 adk.	-316 400	738 800	1 644 584	-905 784
	8-9 annet	9 264 500	461 500	142 416	319 084
<b>Totalt Institutt for informatikk</b>		<b>0</b>	<b>-5 340 100</b>	<b>-5 771 659</b>	<b>431 559</b>
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-68 352 800	-14 251 600	-14 668 101	416 501
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	54 228 300	9 839 300	9 880 681	-41 381
	6-7 adk.	3 426 200	3 388 900	869 271	2 519 629
	8-9 annet	10 698 300	1 947 600	-375 685	2 323 285
<b>Totalt Institutt for fysikk og teknologi</b>		<b>0</b>	<b>924 200</b>	<b>-4 293 834</b>	<b>5 218 034</b>
Kjemisk institutt	3 inntekter	-60 470 400	-10 356 700	-9 771 731	-584 969
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	46 808 200	8 725 200	8 770 013	-44 813
	6-7 adk.	5 043 000	935 100	1 095 471	-160 371
	8-9 annet	8 619 200	1 716 800	1 670 449	46 352
<b>Totalt Kjemisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>1 020 400</b>	<b>1 764 201</b>	<b>-743 801</b>
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-32 457 700	-5 751 200	-5 792 811	41 611
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	29 051 000	4 908 000	5 059 511	-151 511
	6-7 adk.	-403 300	483 200	345 980	137 220
	8-9 annet	3 810 000	1 300 000	1 121 889	178 111
<b>Totalt Molekylærbiologisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>940 000</b>	<b>734 569</b>	<b>205 431</b>
Geofysisk institutt	3 inntekter	-41 540 000	-7 194 700	-7 709 784	515 084
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	34 988 000	6 155 000	5 920 706	234 294
	6-7 adk.	2 825 000	1 195 700	1 989 274	-793 574
	8-9 annet	3 727 000	1 156 000	-213 396	1 369 396
<b>Totalt Geofysisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>1 312 000</b>	<b>-13 200</b>	<b>1 325 200</b>
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-77 817 900	-12 603 400	-14 442 552	1 839 152
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	71 886 000	12 795 000	12 103 820	691 180
	6-7 adk.	-3 807 100	1 229 800	2 086 131	-856 331
	8-9 annet	9 739 000	464 000	1 402 220	-938 220
<b>Totalt Institutt for geovitenskap</b>		<b>0</b>	<b>1 885 400</b>	<b>1 149 620</b>	<b>735 780</b>
Institutt for biologi	3 inntekter	-112 163 200	-20 009 600	-20 084 822	75 222
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	99 786 700	17 548 800	17 658 459	-109 659
	6-7 adk.	6 842 600	1 882 500	2 030 434	-147 934
	8-9 annet	5 533 900	716 800	2 844 027	-2 127 227
<b>Totalt Institutt for biologi</b>		<b>0</b>	<b>138 500</b>	<b>2 448 099</b>	<b>-2 309 599</b>
Senter for geobiologi	3 inntekter	-640 800	-106 800	-117 306	10 506
	5 lønn	878 700	157 200	373 589	-216 389
	6-7 adk.	1 100 800	106 800	124 559	-17 759
	8-9 annet	-1 338 700	402 800	1 758 816	-1 356 016
	<b>Totalt Senter for geobiologi</b>		<b>0</b>	<b>560 000</b>	<b>2 139 658</b>
Senter for klimadynamikk	3 inntekter	-97 600	-17 600	-91 872	74 272
	5 lønn	12 039 100	2 001 600	1 792 491	209 109
	6-7 adk.	23 489 900	1 316 400	1 065 756	250 644
	8-9 annet	-35 431 400	225 400	142 107	83 293
	<b>Totalt Senter for klimadynamikk</b>		<b>0</b>	<b>3 525 800</b>	<b>2 908 483</b>
NIFES	3 inntekter	-1 912 000	-325 000	-325 000	0
	5 lønn	1 121 000	206 200	153 625	52 575
	6-7 adk.	-136 300	0	0	0
	8-9 annet	927 300	157 400	11 000	146 400
<b>Totalt NIFES</b>		<b>0</b>	<b>38 600</b>	<b>-160 375</b>	<b>198 975</b>
<b>Total sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Norges forskingsråd, budsjett og rekneskap per februar 2015

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2015	Budsjett per februar	Rekneskap per februar	Avvik per februar
MN-felles	3 inntekter	-17 248 800	0	0	0
	5 lønn	0	0	0	0
	6-7 adk.	-29 751 200	0	0	0
	8-9 annet	47 000 000	0	0	0
<b>Totalt MN-felles</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Matematisk institutt	3 inntekter	-12 022 000	-2 101 900	-2 506 397	404 497
	5 lønn	8 477 000	1 545 800	1 501 340	44 460
	6-7 adk.	1 254 000	161 900	411 974	-250 074
	8-9 annet	2 291 000	394 200	593 083	-198 883
<b>Totalt Matematisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Institutt for informatikk	3 inntekter	-13 338 200	-1 344 000	-1 845 913	501 913
	5 lønn	5 690 000	800 000	1 031 161	-231 161
	6-7 adk.	8 094 200	60 000	159 647	-99 647
	8-9 annet	-446 000	484 000	655 104	-171 104
<b>Totalt Institutt for informatikk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-41 441 000	-7 746 000	-8 176 532	430 532
	5 lønn	20 590 000	4 024 000	4 242 051	-218 051
	6-7 adk.	12 000 000	2 000 000	1 587 926	412 074
	8-9 annet	8 851 000	1 722 000	2 346 555	-624 555
<b>Totalt Institutt for fysikk og teknologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kjemisk institutt	3 inntekter	-19 211 500	-8 115 200	-1 747 530	-6 367 670
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	7 188 900	1 114 600	995 953	118 647
	6-7 adk.	8 646 500	6 469 200	220 444	6 248 756
	8-9 annet	3 376 100	531 400	531 133	267
<b>Totalt Kjemisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-5 703 000	-1 296 000	-1 203 993	-92 007
	5 lønn	5 301 000	848 000	767 546	80 454
	6-7 adk.	1 342 000	120 000	101 668	18 332
	8-9 annet	-940 000	328 000	334 779	-6 779
<b>Totalt Molekylærbiologisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Geofysisk institutt	3 inntekter	-29 215 000	-4 184 600	-3 598 046	-586 554
	5 lønn	7 184 000	1 276 000	1 762 831	-486 831
	6-7 adk.	17 588 000	2 278 600	639 433	1 639 167
	8-9 annet	4 443 000	630 000	1 195 782	-565 782
<b>Totalt Geofysisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-65 116 000	-4 500 000	-4 163 753	-336 247
	5 lønn	11 513 000	1 956 000	2 194 317	-238 317
	6-7 adk.	50 155 000	1 958 000	885 561	1 072 439
	8-9 annet	3 448 000	586 000	1 083 874	-497 874
<b>Totalt Institutt for geovitenskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Institutt for biologi	3 inntekter	-39 102 900	-7 943 700	-5 125 430	-2 818 270
	5 lønn	18 379 000	2 981 000	2 900 075	80 925
	6-7 adk.	12 481 900	3 195 000	921 429	2 273 571
	8-9 annet	8 242 000	1 767 700	1 303 926	463 774
<b>Totalt Institutt for biologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Senter for geobiologi	3 inntekter	-2 601 600	-379 400	1 320 575	-1 699 975
	5 lønn	780 700	139 600	168 066	-28 466
	6-7 adk.	3 997 000	400 000	244 515	155 485
	8-9 annet	-2 176 100	-160 200	-1 733 157	1 572 957
<b>Totalt Senter for geobiologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Total sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Andre bidrag, budsjett og rekneskap per februar 2015

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2015	Budsjett per februar	Rekneskap per februar	Avvik per februar
<b>MN-felles</b>	3 inntekter	-10 440 200	-724 600	-392 575	-332 025
	5 lønn	2 570 600	524 200	232 609	291 591
	6-7 adk.	6 055 800	89 000	48 187	40 813
	8-9 annet	1 813 800	111 400	111 779	-379
<b>Totalt MN-felles</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Matematisk institutt</b>	3 inntekter	-2 347 700	-343 000	-808 497	465 497
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	1 548 000	226 000	441 704	-215 704
	6-7 adk.	151 700	25 000	173 038	-148 038
	8-9 annet	648 000	92 000	193 756	-101 756
<b>Totalt Matematisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for informatikk</b>	3 inntekter	-3 920 100	-679 000	-1 492 402	813 402
	5 lønn	2 423 000	438 000	688 091	-250 091
	6-7 adk.	766 000	111 000	89 473	21 527
	8-9 annet	731 100	130 000	714 839	-584 839
<b>Totalt Institutt for informatikk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for fysikk og teknologi</b>	3 inntekter	-8 902 000	-1 696 200	-3 062 720	1 366 520
	5 lønn	4 475 000	910 000	884 071	25 929
	6-7 adk.	2 710 000	450 200	1 831 951	-1 381 751
	8-9 annet	1 717 000	336 000	346 698	-10 698
<b>Totalt Institutt for fysikk og teknologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kjemisk institutt</b>	3 inntekter	-2 555 700	-400 100	-412 111	12 011
	5 lønn	659 000	134 500	122 844	11 656
	6-7 adk.	437 000	0	27 538	-27 538
	8-9 annet	1 459 700	265 600	261 730	3 870
<b>Totalt Kjemisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Molekylærbiologisk institutt</b>	3 inntekter	-7 923 000	-1 218 000	-889 553	-328 447
	5 lønn	4 675 000	844 000	853 320	-9 320
	6-7 adk.	2 627 000	364 000	129 049	234 951
	8-9 annet	621 000	10 000	-92 816	102 816
<b>Totalt Molekylærbiologisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Geofysisk institutt</b>	3 inntekter	-10 184 000	-1 603 100	-1 195 440	-407 660
	5 lønn	1 119 000	249 000	165 751	83 249
	6-7 adk.	8 702 000	1 264 700	932 913	331 787
	8-9 annet	363 000	89 400	96 776	-7 376
<b>Totalt Geofysisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for geovitenskap</b>	3 inntekter	-33 928 000	-5 581 000	-4 494 548	-1 086 452
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	9 178 000	1 936 000	1 981 535	-45 535
	6-7 adk.	21 996 000	3 065 000	1 636 288	1 428 712
	8-9 annet	2 754 000	580 000	876 725	-296 725
<b>Totalt Institutt for geovitenskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for biologi</b>	3 inntekter	-15 799 300	-3 295 700	-1 365 112	-1 930 588
	5 lønn	3 378 200	814 200	735 178	79 022
	6-7 adk.	6 560 900	1 241 100	396 005	845 095
	8-9 annet	5 860 200	1 240 400	233 929	1 006 471
<b>Totalt Institutt for biologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Senter for klimadynamikk</b>	3 inntekter	0	0	0	0
<b>Totalt Senter for klimadynamikk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Total sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## EU, budsjett og rekneskap per februar 2015

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2015	Budsjett per februar	Rekneskap per februar	Avvik per februar
<b>MN-felles</b>	3 inntekter	1 318 500	0	0	0
	6-7 adk.	-1 318 500	0	0	0
<b>Totalt MN-felles</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Matematisk institutt</b>	3 inntekter	-200 000	-100 000	-62 076	-37 924
	5 lønn	168 000	84 000	49 574	34 426
	6-7 adk.	0	0	2 156	-2 156
	8-9 annet	32 000	16 000	10 346	5 654
<b>Totalt Matematisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for informatikk</b>	3 inntekter	-5 629 100	-1 114 100	-856 623	-257 477
	5 lønn	3 614 000	710 000	568 345	141 655
	6-7 adk.	905 000	150 000	61 375	88 625
	8-9 annet	1 110 100	254 100	226 903	27 197
<b>Totalt Institutt for informatikk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for fysikk og teknologi</b>	3 inntekter	-4 242 000	-532 600	-946 159	413 559
	5 lønn	2 485 000	280 000	423 292	-143 292
	6-7 adk.	4 903 400	1 168 600	249 610	918 990
	8-9 annet	-3 146 400	-916 000	273 257	-1 189 257
<b>Totalt Institutt for fysikk og teknologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kjemisk institutt</b>	3 inntekter	-1 607 900	-255 000	-210 025	-44 975
	5 lønn	974 200	193 000	182 000	11 000
	6-7 adk.	482 000	62 000	28 149	33 851
	8-9 annet	151 700	0	-124	124
<b>Totalt Kjemisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Molekylærbiologisk institutt</b>	3 inntekter	188 000	0	-5 669	5 669
	5 lønn	0	0	637	-637
	6-7 adk.	0	0	4 517	-4 517
	8-9 annet	-188 000	0	515	-515
<b>Totalt Molekylærbiologisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Geofysisk institutt</b>	3 inntekter	-5 920 000	-1 482 200	-1 850 603	368 403
	5 lønn	3 745 000	1 034 000	1 036 741	-2 741
	6-7 adk.	618 000	88 200	222 073	-133 873
	8-9 annet	1 557 000	360 000	591 789	-231 789
<b>Totalt Geofysisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for geovitenskap</b>	3 inntekter	-8 119 000	-900 000	-1 166 612	266 612
	5 lønn	5 854 000	676 000	652 441	23 559
	6-7 adk.	1 506 000	22 000	420 612	-398 612
	8-9 annet	759 000	202 000	93 560	108 440
<b>Totalt Institutt for geovitenskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for biologi</b>	3 inntekter	-9 288 500	-2 854 000	-986 349	-1 867 651
	5 lønn	1 921 000	475 000	502 255	-27 255
	6-7 adk.	4 733 800	1 542 400	304 214	1 238 186
	8-9 annet	2 633 700	836 600	179 881	656 719
<b>Totalt Institutt for biologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Total sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Oppdrag, budsjett og rekneskap per februar 2015

Ansvarssad	Artsklasse	Årsbudsjett 2015	Budsjett per februar	Rekneskap per februar	Avvik per februar
<b>MN-felles</b>	3 inntekter	-709 000	0	0	0
	6-7 adk.	709 000	0	0	0
<b>Totalt MN-felles</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for informatikk</b>	3 inntekter	0	0	0	0
<b>Totalt Institutt for informatikk</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for fysikk og teknologi</b>	3 inntekter	-1 141 000	-203 000	506 564	-709 564
	5 lønn	581 000	106 000	-361 831	467 831
	6-7 adk.	330 000	55 000	0	55 000
	8-9 annet	230 000	42 000	-144 733	186 733
<b>Totalt Institutt for fysikk og teknologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Molekylærbiologisk institutt</b>	3 inntekter	-75 000	-15 000	-14 282	-718
	6-7 adk.	75 000	15 000	12 748	2 252
	8-9 annet	0	0	1 534	-1 534
<b>Totalt Molekylærbiologisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Geofysisk institutt</b>	3 inntekter	-253 000	-42 000	0	-42 000
	6-7 adk.	253 000	42 000	0	42 000
<b>Totalt Geofysisk institutt</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for geovitenskap</b>	3 inntekter	-41 000	0	-5 000	5 000
	5 lønn	28 000	0	0	0
	6-7 adk.	2 000	0	0	0
	8-9 annet	11 000	0	5 000	-5 000
<b>Totalt Institutt for geovitenskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Institutt for biologi</b>	3 inntekter	-2 281 000	-299 800	-81 442	-218 358
	5 lønn	0	0	698	-698
	6-7 adk.	2 281 000	299 800	74 213	225 587
	8-9 annet	0	0	6 531	-6 531
<b>Totalt Institutt for biologi</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Total sum</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>